

NOTAT

Vedlegg: B-1

TIL: Alver kommune, Byggjesak

SAK: ALVER KOMMUNE –TEKNISK FORVALTNING OG DRIFT. VASSLEIDNING LINDÅS GRAVPLASS-LINDÅSHALLEN. GNR. 108 BNR. 161, 392, 474, 591. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN 199001.

På vegne av tiltakshavar søker vi med dette om dispensasjon for bygging av ny hovudvassleidning nærmere enn 18m fra Fv 57 Lindåsvegen.

Alver kommune – Teknisk forvaltning og drift skal leggje ny hovudvassleidning mellom Lindås gravplass og Lindåshallen.

Byggegrense langs fylkesveg er definert i reguleringsplan 1263-199001 «Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad», med mindre endring av 30. august 2001.

BESKRIVELSE AV TILTAKET

Tiltaket omfattar legging av ny ø200mm vassleidning mellom eksisterande leidningsnett frå Kolåsvegen, i terrenget vest for Lindås gravplass, og til Veråsvegen, aust for Lindåshallen.

Røyrleidning vil krysse Fonnebostvegen ved eideomen gnr./bnr. 108/433. Gjennom Lindåsvegen vil vassleidning trekast gjennom eksisterande røyr.

Vidare leggjast leidning i sideareal langs Fv 57 Lindåsvegen, nordaust for jordvoll mot fotballbane på gnr./bnr. 108/474. Avstand til senterlinje fylkesveg vil vere minimum 8m. Fram til Veråsvegen leggjast røyr i interne vegrar og parkeringsplass til Lindåshallen.

Eksisterande ø110m vassleidning på same strekk vil bli kopla ut.

GRUNNGJEVNAD FOR SØKNADEN OM DISPENSASJON

Ny vassleidning inngår i Alver kommune si plan for vassforsyning i kommune. Leidning vil ha stor betydning for å sikra tilfredsstillande og stabil vassforsyning til eigendomar på Lindås, sør for Lindåsvegen.

Røret skal erstatte dagens vassleidning til Veråsvegen. Denne leidningen har for liten dimensjon for å sikre vassforsyning og uttak av sløkkevatn til ny barnehage og bustadbygging.

Eksisterande vassleidning ligg i vegkant av fylkesvegen. Ny leidning vil bli lagt med ein større avstand og konflikt mellom vegbane og kommunal vassleidning vil bli unngått.

Vi meiner at bygging av ny hovudvassleidning vil gi store fordelar innbyggjarar i Alver kommune med trygg vassforsyning. Desse vil vere større enn dei ulempe som tiltaket førar til i forhold til legging av vassleidning innanfor byggegrense langs fylkesveg.

KONSEKVENSER

Legging av vassleidning nærmere senterlinje fylkesveg 57 Lindåsvegen enn 18m regulert byggegrense.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

Kopi til:

Alver kommune – Teknisk forvaltning og drift v/Atle Dingen